



Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 14.05.2019

Arkivk.: styret/møter/protokoll/17-19

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 09 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019

Stad: Telefonmøte

Tidspunkt: Tysdag 07. mai 2019, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 119 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 120 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 08 17-19 frå Skikrinsstyret
SAK 121 17-19 SFSK AK protokoll nr. 06 17-19
SAK 122 17-19 SFSK LK protokoll nr. 05 17-19
SAK 123 17-19 SFSK HKK protokoll nr. 05 17-19

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 124 17-19 Rammeprogram for Vårmetet og Skikrinstringet 2019
SAK 125 17-19 Saker til Skikrinstringet 2019
SAK 126 17-19 Årsmelding 2017-2019
SAK 127 17-19 Handlingsplan 2019-2021
SAK 128 17-19 Arbeidet til Heidersteiknemnda fram mot Skikrinstringet 2019
SAK 129 17-19 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal
SAK 130 17-19 Valkomite Sogn og Fjordane Skikrins 2019-2021

ORIENTERINGSSAKER

SAK 131 17-19 Idrettens Møteplass 2019

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Oddmund Lefdal, Henning Sæthre, Sjur-Håvard Øygard og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

REFERATSAKER

SAK 119 17-19

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 120 17-19

Godkjenning av protokoll nr. 08 17-19 frå Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 08 17-19 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 08 17-19.

SAK 121 17-19

SFSK AK protokoll nr. 06 17-19 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 06 17-19 i alpiskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 122 17-19

SFSK LK protokoll nr. 05 17-19 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 123 17-19

SFSK HKK protokoll nr. 05 17-19 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 124 17-19

Rammeprogram for Vårmøtet og Skikrinstinget 2019 Bakgrunn

Rammeprogram for Vårmøtet og Skikrinstinget 2019, laurdag 25. mai:

- Kl. 09.30 Vårmøte 2019
- alpint
 - hopp og kombinert
 - langrenn

Kl. 12.00 Lunsj

Kl. 12.45 Foredrag *Korleis få med fleire? Rekruttering til skiidretten*
v/ Atle Rolstadaas, NSF

Prisutdelingar

- Kl. 14.00 Opning av Skikrinstringet 2019
- Helsingar
 - Tingforhandlingar

Kl. 17.00 Avslutning

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek rammeprogrammet slik det føreligg.

SAK 125 17-19

Saker til Skikrinstringet 2019

Bakgrunn

Framlegg til sakliste i samband med Skikrinstringet 2019 er vedlagt i tingdokumentet.

VEDTAK

Med endringar drøfta i møte vedtek Skikrinsstyret saklista med framlegg til vedtak slik den føreligg.

SAK 126 17-19

Årsmelding 2017-2019

Bakgrunn

Framlegg til Årsmelding 2017-2019 for Skikrinsstyret, Langrennskomiteen, Alpinkomiteen samt Hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt i tingdokumentet.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner årsmeldingane, og gjer vedtak om at dei skal handsamast på Skikrinstringet slik dei føreligg.

SAK 127 17-19

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Viser til drøftingar og vedtak i Skikrinsstyret i høve Sak 90 17-19 og Sak 110 17-19.

Framlegg til Handlingsplan 2019-2021 er vedlagt i tingdokumentet.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner Handlingsplan 2019-2021, og gjer vedtak om at den skal handsamast på Skikrinstringet slik den føreligg.

SAK 128 17-19

Arbeidet til Heidersteiknemnda fram mot Skikrinstringet 2019

Bakgrunn

20. februar sende Heidersteiknemnda ut skriv til laga med oppmoding om å komme med innspel til kandidatar til skikrinsen sine heidersteikn. Laga sin svarfrist var måndag 01. april 2019.

Sogn og Fjordane Skikrins har følgjande utmerkingar:

- Heidersmerket m/ diplom
- Heidersstatuetten m/ diplom

Heidersmerket kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten store tenester

Heidersstatuetten kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein **særskilt** stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten **særskilt** store tenester

Medlemar og styra i lag tilslutta Skikrinsen, styret i Skikrinsen og Heidersteiknemnda kan komme med framlegg på kandidatar.

Skikrinsstyret gjer endeleg innstilling av kandidatar.

Heidersteiknemnda består av:

- Leiar: Gunnar Steintveit, Haugen IL
- Medlem: Nils Olav Kongsvik, Førde IL
- Medlem: Anders Fortun, Fanaråk IL

Heidersteiknemnda si innstilling til Skikrinsstyret er vedlagt, i tillegg framlegg frå medlem i Skikrinsstyret.
Det same er oversikt over tidlegare tildelingar av heidersteikn.

VEDTAK

Med bakgrunn i m.a. innspel frå Heidersteiknemnda gjer Skikrinsstyret vedtak om at følgjande personar skal tildelast Sogn og Fjordane Skikrins sine Heidersteikn i samband med Skikrinstinget 2019:

- Sjur Ole Svarstad – Heidersmerket m/ diplom
- Roar Hjelmeset – Heidersmerket m/ diplom
- Atle Hamar – Heidersstatuetten m/ diplom

SAK 129 17-19

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumpokal

Bakgrunn

Etter framlegg frå greinkomiteane innstiller Skikrinsstyret kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumpokal.

Skikrinsstyret står også fritt til å komme med eigne framlegg.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats.

Statuttar Magnorpokal (delast ut 2. kvart år, tot. 4 stykkjer):
Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sine Jubileumspokal:

Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

Alpinkomiteen sitt framlegg til Skikrinsstyret i høve saka:

Bragdpokal, kandidatar:

- Andreas Strand, Jølster IL
 - o 5. pl. jr.-VM 2019
- Andrine Mårstøl, Haugen IL
 - o Bronse NM 2019, debut Europacup 2019

Talentpokal, kandidatar:

- Sindre Myklebust, Sogndal IL
 - o 7. pl. jr.-NM U18, 6. og 7. pl. FIS Narvik
- Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
 - o Bronse Hovudlandsrenn 2018, 5. og 6. pl. 2019

Magnorpokal, kandidatar:

- Julia Felde, Haugen IL
 - o 2., 6. og 10. pl. Landsfinalen 2019
- Ane Malene Myklebust, Sogndal IL
 - o 4. pl. Landsfinalen 2019

Hopp- og kombinertkomiteen sitt framlegg til Skikrinsstyret i høve saka:

Bragdpokal, kandidat:

- Anders Fannemel, Hornindal IL
 - o 3. pl. samanlagt i tysk-austerriske hoppveka 2018

Talentpokal, kandidat:

- Johannes Årdal, Jølster IL
 - o Sølv Hovudlandsrenn 2019, 3. plass Solan Gundersen 2018

Magnorpokal, kandidatar:

- Johannes Årdal, Jølster IL
 - o Sølv Hovudlandsrenn 2019, 3. plass Solan Gundersen 2018
- Torje Seljeseth, Hornindal IL
 - o 5. pl. og 6. pl. (kombinert) Solan Gundersen 2018 og 2019
 - o 10. pl. (hopp) Solan Gundersen 2019

NSF sin Jubileumspokal, kandidat:

- Eskil Kveen, Markane IL
 - o Grunngevnad er vedlagt.

Langrennskomiteen sitt framlegg til Skikrinsstyret i høve saka:

Bragdpokal, kandidatar:

- Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL)
 - o Junior VM gull individuelt og stafett
- Gjøran Tefre (Førde IL)
 - o 13. og 14. pl. Verdiscup 2019

Talentspokal, kandidatar:

- Simon Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL
 - o Bronse jr.-NM 2018
- Ane Brekke, Førde IL
 - o 23. plass jr.-NM 2018
- Eskil Hov, Kaupanger IL
 - o 27. plass jr.-NM 2018
- Gyrid Øygard, Førde IL
 - o 18. plass jr.-NM 2018
- Thristan Engebø Ullebø, Førde IL
 - o 15. plass jr.-NM 2019

Magnorpokal, kandidatar:

- Ann Kristin Aaland, Hardbagg IL
 - o 6. pl. Hovudlandsrennet 2019
- Emilie Flo Stavik, Markane IL
 - o Sølv og 6. pl. Hovudlandsrenn 2018
- Maren Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL
 - o 10. pl. og 12. pl. Hovudlandsrenn 2018 og 2019

NSF sin Jubileumspokal, kandidat:

- Eskil Hov, Kaupanger IL (krinslagsløpar)
 - o Grunngevnad er vedlagt.

Framlegg telemark i høve saka:

Bragdpokal, kandidat:

- Andrea Fiskaa Haugen, Luster Telemarkklubb
 - o 2 sølv og 1 bronse jr.-VM 2018, 2 bronse jr.-VM 2019
 - o Uttatt til VM i 2019

Talentspokal, kandidatar:

- Eirin Fiskaa Haugen, Luster Telemarkklubb
 - o 9. plass VM i 2019

Framlegg randonee i høve saka:

Talentspokal, kandidatar:

- Trym Dalset Lødøen, Haugen IL
 - o Gull jr.-NM 2019, seier i NC 2019



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Bragdpokal tildelast:

- Andrine Mårstøl, Haugen IL
- Andreas Strand, Jølster IL
- Jon Rolf Skamo Hope, Hyen IL

Talentpokal tildelast:

- Andrea Fiskaa Haugen, Luster Telemarkklubb
- Trym Dalset Lødøen, Haugen IL
- Simon Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL
- Elias Helle Felde, Breimsbygda IL

Magnorpokal tildelast:

- Emilie Flo Stavik, Markane IL
- Johannes Årdal, Jølster IL
- Julia Felde, Haugen IL
- Ann Kristin Aaland, Hardbagg IL

NSF sin Jubileumspokal tildelast:

- Eskil Kveen, Markane IL
- Eskil Hov, Kaupanger IL

Skikrinsstyret gjer vedtak om at komiteane kjem med framlegg på kvinnelege kandidatar til NSF sin Jubileumspokal, jf. kriteria for prisen der denne skal delast ut kvart år til ein av kvart kjønn.

På bakgrunn av framlegg frå komiteane i etterkant av møtet gjorde Skikrinsstyret vedtak om desse også skal tildelast NSF sin Jubileumspokal:

- Andrine Mårstøl, Haugen IL
- Ane Brekke, Førde IL

SAK 130 17-19

Valkomite Sogn og Fjordane Skikrins 2019-2021

Bakgrunn

Valkomite for 2019-2021 skal veljast på Skikrinstinget 2019 på fritt grunnlag, etter innstilling frå Skikrinsstyret.

Valkomiteen 2017-2019 består av:

- Leiar: Lilly Schøyen, Sogndal IL
- Medlem: Alf Henning Evjestad, IL Bjørn
- Medlem: Inge Fænn, Markane IL
- Varamedlem: Reidunn Bergheim, Førde IL

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at adm. følgjer opp om medlemar av noverande valkomite tek gjenval. På bakgrunn av dette kjem Skikrinsstyret fram til ei innstilling av valkomite for 2019-2021 til Skikrinsstinget 2019.

ORIENTERINGSSAKER



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

SAK 131 17-19

Idrettens Møteplass 2019

Bakgrunn

Idrettskrinsen vil også i 2019 legge til rette for Idrettens Møteplass, der særkrinsar kan ha sine møter i tillegg til basissamling for utøvarar.

Skikrinsen har lagt sitt Haustmøte til denne møteplassen begge åra den er blitt gjennomført i Sogndal.

I 2019 vil Idrettskrinsen legge Idrettens Møteplass til Førde laurdag 26. oktober, etter same rammeprogram som tidlegare.

Skikrinsen har spelt inn at ein har eit ynskje om at møteplassen vert lagt til Sandane, m.a. grunna tilbakemelding frå skimiljøa i Nordfjord.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer vedtak om at Haustmøtet 2019 vert lagt til Idrettens Møteplass.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Vedlegg SAK 120 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 08 17-19 frå Skikrinsstyret

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 09.04.2019

Arkivk.: styret/møter/protokoll/17-19

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 08 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell

Tidspunkt: Måndag 08. april 2019, kl. 18.00-21.00

REFERATSAKER

SAK 105 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 106 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 07 17-19 frå Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 107 17-19 Rekneskapsrapport pr. 31.03.2019

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 108 17-19 Spelemiddelfinansiert skianlegg

SAK 109 17-19 Telemark-/ randoneekomiteen

SAK 110 17-19 SFSK Handlingsplan 2019-2021

SAK 111 17-19 Framlegg kandidatar til styret i nye Vestland idrettskrins

ORIENTERINGSSAKER

SAK 112 17-19 Høyring til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til for Vestland fylkeskommune 2020-2024

SAK 113 17-19 Ordninga spelemidlar til utstyr

SAK 114 17-19 Samarbeidsavtale med SFE

SAK 115 17-19 Utviding av alpinksomiteen

SAK 116 17-19 Regionaliseringsprosess Vestland idrettskrins

SAK 117 17-19 Skikrinstinget 2019

SAK 118 17-19 Satsar startkontingent sesongen 2019/2020

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Per Asbjørn Felde, Henning Sæthre, Sjur-Håvard Øygard, og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Tonje Norheim Tangerud, Oddmund Lefdal

MERKNADER: Margot Åsebø og Sjur-Håvard Øygard gjekk etter Sak 110 17-19. Henning Sæthre gjekk etter Sak 111 17-19.

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 105 17-19

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 106 17-19

Godkjenning av protokoll nr. 07 17-19 frå Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 07 17-19 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 07 17-19.

RAPPORTERING

SAK 107 17-19

Rekneskapsrapport pr. 31.03.2019 Bakgrunn

Rekneskap pr. 31.03.2019 vart sendt ut før møtet.
Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 31.03.2019:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 1 856 254,-	Kr 1 465 771,-	Kr 390 482,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 880 705,-	Kr 545 764,-	Kr 334 941,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 300 321,-	Kr 321 005,-	Kr - 20 684,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 24 500,-	Kr 25 006,-	Kr - 506,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 650 727,-	Kr 573 996,-	Kr 76 731,-	Kr 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 108 17-19

Spelemiddelfinansiert skianlegg Bakgrunn

Skikrinsstyret diskuterte problemstilling knytt til bruk og tilgang for den aktive idretten i spelemiddelfinansiert skianlegg i fylket.

Leiar av anleggsutvalet og adm. innleia i saka.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at adm. følger opp saka inn mot skiforbundet.

I tillegg gjer skikrinsstyret vedtak om at skikrinsen ikkje betalar for tilgang i anlegg i sesongen. I framkant av sesongen må heiskortpris i skianlegg vere avklart for aktiv utøvarar på lik linje med andre brukarar, og kva tidspunkt anleggseigar ynskjer at den aktive idretten skal nytte anlegget.

SAK 109 17-19

Telemark-/ randoneekomiteen

Bakgrunn

Telemark-/ randoneekomiteen vart etablert og valt på Skikrinstringet 2017. Komiteen har hatt eit møte i perioden.

Skikrinsstyret diskuterte i møtet korleis komiteen har fungert og kva ein gjer vidare med den.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å gjere komiteen om til eitt utval for telemark og eitt utval for randonee. Adm. undersøker om det må gjerast eit tingvedtak.

Utvala skal jobbe for å skape auka aktivitet i desse greinene, og kan søke skikrinsen økonomisk støtte til dette.

Leiar i komiteen følger opp utvalet for randonee. Adm. følger opp klubbane i telemark for å undersøke om det er interesse for eit utval for telemark.

SAK 110 17-19

SFSK Handlingsplan 2017-2019

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan går fram til Skikrinstringet våren 2019, der ny handlingsplan skal vedtakast for perioden 2019-2021.

Skikrinsstyret gjorde vedtak i sak 90 17-19 om å revidere noverande handlingsplan.

Greinkomiteane og AU har klart eit framlegg til ny handlingsplan for perioden 2019-2021 til utgangen av april 2019.

I møtet oppdaterte Skikrinsstyret noverande handlingsplan 2017-2019 for AU, reviderte planen og vedtok framlegg til handlingsplan for 2019-2021 for AU.

Handlingsplan 2017-2019 finn ein vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner framlegg til handlingsplan 2019-2021 for AU med endringar drøfta i møtet.

Framlegg til SFSK Handlingsplan 2019-2021 vert vedteke på neste møte i Skikrinsstyret.

SAK 111 17-19

Framlegg kandidatar til styret i nye Vestland idrettskrins

Bakgrunn

Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets skal frå 01.01.2020 slåast saman til Vestland idrettskrins.

Det skal veljast styre for Vestland idrettskrins for perioden 2020-2022. Valkomiteen utfordrar alle medlemar i Sogn og Fjordane idrettskrins til å komme med minst ein kandidat, og at dei som blir føreslått er førespurt på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande framlegg til kandidatar til styret i Vestland idrettskrins:

- Nils R Sandal (Breimsbygda IL) – leiar
- Lilly Schøyen (Sogndal IL) – styremedlem

ORIENTERINGSSAKER

SAK 112 17-19

Høyring til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til for Vestland fylkeskommune 2020-2024

Bakgrunn

Idrettskrinsen har bedt om innspel innan 03. april 2019 på høyringsuttale til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Høyringsdokumentet finn ein på denne lenka:

<https://www.hordaland.no/anleggspolitikk>

Leiar av anleggsutvalet og adm. orienterte om innspelet som vart sendt til Idrettskrinsen.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 113 17-19

Ordninga spelemidlar til utstyr

Bakgrunn

Kulturdepartementet og Norges idrettsforbund si ordning spelemidlar til utstyr vart lagt om for 2018. Kvitteringar for kjøp av utstyr skal sendast inn samtidig med søknaden, mot tidlegare der ein kunne kjøpe utstyret etter at ein fekk tildelt midlar.

Det nye systemet medfører også ei automatisk tildeling der det blir gitt prosentvis lik fordeling til alle idrettslag ift. søknadsbeløp. Det medfører at skikretsane ikkje har anledning å gjere kretsvisе prioriteringar ift. løypemaskiner slik tidlegare praksis har vore, men at alle med godkjente søknader får ein avgrensa sum.

Utstyrsmidlar for 2018 er no fordelt. Adm. orienterte om saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

SAK 114 17-19

Samarbeidsavtale med SFE

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins og SFE har forhandla fram ein ny samarbeidsavtale for perioden 01.05.2019 – 30.04.2022.

I avtalen har SFE bransjeeksklusivitet, dvs. at Sogn og Fjordane Skikrins ikkje kan ha samarbeidspartar som er i direkte konkurranse med SFE.

Dei økonomiske rammene i avtalen er auka i høve førre periode, og der SFE ynskjer seg enno meir inn på breiddeaktivitet i langrenn.

Samarbeidsavtalen er todelt, dvs. at aktivitetane i avtalen er relatert både til langrenn- og hopp- og kombinertkomiteen.

I førre avtaleperiode var den økonomiske fordelinga slik i avtalen:

- hopp- og kombinertkomiteen, 70% av markedsinntektene
- langrennskomiteen, 30% av markedsinntektene

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at hopp- og kombinertkomiteen beheld same beløp pr. år som i førre avtaleperiode, medan langrennskomiteen får resterande beløp i avtalen.

SAK 115 17-19

Utviding av alpiskomiteen

Bakgrunn

Alpiskomiteen ynskjer å utvide komiteen frå fem til seks medlemar, og ber om at valkomiteen i sitt arbeid får inn eit 6. medlem til val av ny komite for neste tingperiode.

Bakgrunnen for ynskje om å utvide komiteen er mengda arbeid komiteen har i sitt arbeid, og at ei utviding vil kunne lette arbeidet med å fordele ansvarsoppgåver internt i komiteen.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.
Adm. informerer valkomiteen i saka.

SAK 116 17-19

Regionaliseringsprosess Vestland idrettskrins

Bakgrunn

Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets skal frå 01.01.2020 slåast saman til Vestland idrettskrins.

Styreleiar og adm. orienterte i møtet om status i regionaliseringsprosessen.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 117 17-19

Skikrinstinget 2019

Bakgrunn

Skikrinstinget 2019 skal heldast laurdag 25. mai 2019 på Skei, Thon Jølster Hotell.

Adm. og styreleiar orienterer i møtet om status i planlegging av Skikrinsstinget 2019.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 118 17-19

Satsar startkontingent sesongen 2019/2020

Bakgrunn

Skistyret skal vedta nye satsar for startkontingent for sesongen 2019/2020. Innspel til nye satsar kan meldast inn til NSF innan 26. april.

Link til dagens satsar:

https://www.skiforbundet.no/globalassets/09-rennarrangorer/startkontinent_og_deltakeravgift.pdf

Til orientering vedtok Skitinget 2018 ei auke i deltakaravgifta til skikretsane frå sesongen 2019/2020:

- Ordinære renn kr. 25 (p.t. kr. 20)
- Turrenn, trim og familieklasser kr 25 (p.t. kr. 20)
- Turrenn, tur og bedriftsklasser kr 35 (p.t. kr. 30)

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å spele inn til Skistyret at nye satsar for startkontingent frå sesongen 2019/2020 vert auka med kr. 10,- frå dagens satsar.

EVENTUELT

Neste møte i Skikrinsstyret;

Tysdag 07. mai kl. 20.00 (telefonmøte)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Vedlegg SAK 121 17-19 SFSK AK protokoll nr. 06 17-19

Alpinkomiteen@

Sakshand.: IN/PAF

Dato: 12.04.2019

Arkivk.: ak/møter/protokoll/17-19

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I ALPINKOMITEEN, 2017-2019

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Torsdag 11. april 2019, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 68 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 69 17-19 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 05 17-19 i AK
SAK 70 17-19 Referat frå Haustmøtet 27. oktober 2018
SAK 71 17-19 Protokoll frå møte nr. 06 i Skikrinsstyret
SAK 72 17-19 Protokoll frå møte nr. 07 i Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 73 17-19 Rekneskap 2018

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 74 17-19 Generell evaluering av sesongen 2018-2019
SAK 75 17-19 Evaluering av krinssamlingane i alpint 2018-2019
SAK 76 17-19 Kveldstreningar
SAK 77 17-19 Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2019
SAK 78 17-19 Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2019
SAK 79 17-19 «Rekrutteringsprosjekt»
SAK 80 17-19 Sakliste Vår møtet, 25. mai 2019
SAK 81 17-19 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal
SAK 82 17-19 Handlingsplan 2019-2021
SAK 83 17-19 Arbeidsavtalar for krinstrenarar
SAK 84 17-19 Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane
SAK 85 17-19 Samlingsplan 2019-2020
SAK 86 17-19 Terminliste 2019-2020

ORIENTERINGSSAKER

SAK 87 17-19 Utøvarstipend Sparebanken Vest
SAK 88 17-19 NSF Fagmøte 2019
SAK 89 17-19 Status markedsarbeid

EVENTUELT



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

TIL STADES: Per Asbjørn Felde, Magne Hofslundsengen, Trude Dalset, Roger Ellingsund og Ingrid Narum (adm.).

FORFALL: Hege Venes

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 68 17-19

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 69 17-19

Godkjenning av protokoll frå møte nr. 05 17-19 i AK Bakgrunn

Protokoll nr. 05 17-19 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.
Denne er godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 05 17-19.

SAK 70 17-19

Referat frå Haustmøtet 27. oktober 2018 Bakgrunn

Referat frå Haustmøtet er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek referatet til orientering.

SAK 71 17-19

Protokoll frå møte nr. 06 i Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 06 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

SAK 72 17-19

Protokoll frå møte nr. 07 i Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 07 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 73 17-19

Rekneskap 2018 Bakgrunn

Rekneskap 2018 er vedlagt.

Nøkkeltal:

- Driftsinntekter;	kr.	1 117 952,-
- Driftskostnader;	kr.	1 173 035,-
- Resultat;	kr.	- 55 083,-
- Eigenkapital AK;	kr.	224 112,-

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner rekneskapen for 2018.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 74 17-19

Generell evaluering av sesongen 2018-2019

Bakgrunn

Komiteen evaluerer sesongen 2018-2019 m.a. på følgende innsatsområder:

- Arrangement/ terminliste og avvikling
 - o Utfordrende vinter mtp. snøforhold
 - o Flytting av 2 renn (KM) og endring av grein på 1 renn
 - o 2 renn avlyst
 - o Felles kvalik.renn med Hordaland er veldig positivt (matching, sosialt)
- Krinssamlingar - antal og endring
 - o Flytting av nokre samlingar
 - o Ei samling avlyst
- Renndeltaking og rekruttering
 - o Førde IL gode på rekruttering
 - o Generelt færre deltakarar på renn
- Sportslege resultat U12 – FIS
 - o Enkeltutøvarar med gode plasseringar frå U12-FIS
 - o Sterk U14 klasse og FIS-løparar
 - o Lite breidde
- Prosjektet krinsopplegg
 - o Har vore spesielt viktig for klubbane med dårleg ”heimeforhold” denne sesongen
 - o Viktig for fellesskapet og alpinmiljøet i fylket
 - o God deltaking på samlingar i fylket, mindre når dei blir flytta ut av fylket

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2019-2020.

SAK 75 17-19

Evaluering av krinssamlingane i alpint 2018-2019

Bakgrunn

Alpinkomiteen har lagt til rette for følgende samlingar sesongen 2018-2019:

Stad	Type	Tidspunkt	Aldersgr.	Tekn. arr.
Hodlekve	Ski/barmark	05.-06. mai 2018	U10 - U16	SFSK
Hodlekve	Ski/barmark	10.-13. mai 2018	U12 - U16	SFSK
Juvass	Ski	02.-03. juni 2018	Alle	SFSK
Juvass	Ski	16.-18. juni 2018	Alle	SFSK
Byrkjelo	Barmark	24.-25. aug. 2018	U12 - U16	SFSK/BBIL
Naustdal	Barmark	01.-02. sept. 2018	U12 - U16	SFSK/Førde IL
Sandane	Barmark	21.-22. sept. 2018	U12 - U16	SFSK/BBIL
Kvitfjell	Ski	06.-10. okt. 2018	U12 - U16	SFSK
Juvass (flytta frå Kvitfjell)	Ski	20.-22. okt. 2018	U12 - U16	SFSK
Sogndal	Barmark	27. okt. 2018	U14 - U16	SFSK/SOFIK
Byrkjelo	Barmark	28. okt. 2018	U12 - U16	SFSK
Ål	Ski	23.-25. nov. 2018	U12 - U16	SFSK
Ål	Ski	30. nov.-02. des.	U12 - U16	SFSK
Ål	Ski	15.-16. des. 2018	U12 - U16	SFSK
Hafslo (flytta frå Jølster)/ Harpefossen	Ski	28.-30. des. 2018	U10 - U16	SFSK
Ål	Ski	10.-13. jan. 2019	U10 - U16	SFSK
Førde	Ski	27. jan. 2019	Alle	SFSK/Førde IL
Blomlia	Ski	16.-17. feb. 2019	U10 - U16	SFSK
Jølster	Ski	23. feb. 2019	Alle	SFSK
Kvitfjell (flytta frå Jølster)	Ski	09.-10. mars 2019	U12 - U16	SFSK
Jølster	Ski	16.-17. mars 2019	U10 - U16	SFSK
Precamp TL/ HL, Harpefossen	Ski	23.-24. mars 2019	U14 - U16	SFSK
Precamp HL, Ål	Ski	30.-31. mars 2019	U16	SFSK

Totalt ca. 55 samlingsdøgn (barmark/ski).

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2019-2020.

SAK 76 17-19

Kveldstreningar

Bakgrunn

Komiteen gjorde vedtak i sak 56 17-19 om at det ved god kapasitet på trenarkrefter på kveldstrening Jølster kan krinstrenar prioritere å reise rundt på klubbtreningar. Om mindre kapasitet på trenarkrefter burde kveldstrening vere annakvar veke i Jølster og annakvar veke rundt i klubb.

I samlingsplanen 2018-2019 vart det planlagt ca. 18 kveldstreningar i Jølster og 9 kveldstreningar i klubb (Sogndal, Haugen og Førde).

Pga. ein utfordrande vinter har ein fått gjennomført færre kveldstreningar enn planlagt, både i Jølster og i klubb (avlyst i Sogndal, færre i Haugen og Førde).

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2019-2020.

SAK 77 17-19

Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2019

Bakgrunn

Telenorleikane i alpint vart avvikla på Vassfjellet, Trondheim, i perioden 29.-31. mars 2019 (flytta frå Sauda pga. snømangel).

Frå Sogn og Fjordane deltok følgjande utøvarar:

- Julia Felde, Haugen IL
- Oskar Ellingsund, Jølster IL
- Ane Malen Sætren Myklebust, Sogndal IL
- Siri Munthe Olsen, Sogndal IL
- Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL

Hovudleiarar: Eilert Årseth

I forkant vart det gjennomført ein PreCamp på Harpefossen 23.-24. mars. Anders Neteland og Mats Engeland var trenarar på PreCampen.

Komiteen evaluerte Telenorleikane 2019 på følgjande punkt;

- sportslege resultat
 - o gode resultat
- sportsleg opplegg
 - o god oppfølging av hovudleiar
- logistikk (informasjon, overnatting, m.m.)
 - o litt enkel standard på overnatting
- PreCamp
 - o god samling trass utforande vær

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

SAK 78 17-19

Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2019

Bakgrunn

Hovudlandsrennet i alpint vart avvikla i Oppdal 02.-07. april 2019.

Frå Sogn og Fjordane deltok følgjande utøvarar:

- Evita Brenden, Sogndal IL
- Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
- Elias Helle Felde, BBIL
- Johan Felde, Haugen IL
- Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
- Jan Henden Rand, Haugen IL
- Oliver Stokkenes Sæthre, Haugen IL

Hovudleiar tekniske disiplinane: Anders Neteland
Hovudleiar fart: samarbeid med Hordaland

I forkant vart det gjennomført ein PreCamp på Ål 30.-31. mars i samarbeid med Hordaland, samt på Harpefossen 23.-24. mars.
Anders Neteland var hovudleiar for PreCampen.

Komiteen evaluerte Hovudlandsrennet 2019 på følgjande punkt;

- sportslege resultat
 - o gode enkeltresultat
- sportsleg opplegg
 - o fungerte godt i samarbeid med Hordaland
- logistikk (informasjon, overnatting, transport m.m.)
 - o alt ok, men mangelfull informasjon om logistikk under precamp om forlenga samling til måndag
- PreCamp
 - o godt opplegg

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

SAK 79 17-19

«Rekrutteringsprosjekt»

Bakgrunn

Alpinkomiteen gjorde vedtak i sak 02 17-19 om å etablere eit «Rekrutteringsprosjekt».

Prosjektet er ikkje blitt etablert i si heilheit, men komiteen har jobba med å prøve ut og etablere nokre av tiltaka i klubbar:

- Alpingruppa skal saman med det lokale skisenteret vere med å legge til rette for Fjord1 Young Attacking Vikings.
 - prøvd ut i Sogndal, Jølster og Breimsbygda 2018 og Harpefossen 2019 (i lag med NSF)
- Alpingruppa skal gjennomføre min. 1 lågterskel «foreldrekurs».
 - lagt til rette for i lag med NSF på Harpefossen i 2019 (for få til å gjennomføre)
- Alpingruppa skal gjennomføre Telenor Karusellen etter Norges Skiforbund sin nye mal for konseptet.

I tillegg har utvalde klubbar fått tilbod om klubbeseøk.

Komiteen evaluerte tiltaka som er prøvd ut og diskuterte korleis ein jobbar vidare med rekruttering i klubbane.

VEDTAK

Alpinkomiteen legg evalueringa til grunn for planlegging inn mot sesongen 2019-2020 med følgjande vedtak:

- Fjord1 Young Attacking Vikings bør innarbeidast i all klubbaktivitet
 - skikrinsen kan formidle kompetanse og informasjon på førespurnad frå klubbane
- «Foreldrekurs»/ enkle kurs i klubb:
 - etter behov i klubb
- Telenor Karusellen:
 - fungerer godt i enkelte klubbar
 - bør prioriterast av fleire klubbar

SAK 80 17-19

Sakliste Vår møtet, 25. mai 2019

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vår møtet 2019 og Skikrinstinget skal avviklast laurdag 25. mai på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram:

Kl. 09.30 - 12.00:

Vår møter i langrenn, alpint og hopp/ kombinert

Kl. 12.00 - 13.00:

Lunsj

Kl. 13.00-16.00:

Skikrinstinget 2019

Alpinkomiteen fastset sakliste for fagmøte langrenn.

Ibhm. Vår møtet 2018 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Evaluering av sesongen 2017-2018
- 2) Sportslege rammer sesongen 2018-2019
 - Samlingsopplegg 2018-2019
- 3) «Rekrutteringsprosjektet»
- 4) Rammer for Terminliste 2018-2019
- 5) Økonomi/ marked

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vår møtet 2019:

- 1) Evaluering av sesongen 2018-2019 v/ Anders Neteland
- 2) Sportslege rammer sesongen 2019-2020 v/ Anders Neteland
 - samlingsopplegg 2019-2020
 - gruppeinndeling
- 3) Rekrutteringsarbeid v/ Atle Rolstadaas, NSF
- 4) Rammer for Terminliste 2019-2020
- 5) Kvalik.reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane
- 6) Økonomi/ marked

SAK 81 17-19

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumpokal

Bakgrunn

